

Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Dykkar ref:
Dykkar dato

Vår ref:
Vår dato

15.12.2022

SØKNAD OM MELLOMLAGER AV ASFALTMASSAR OG REIN BETONG

Meto Pro vil på vegne av Voll Lunde maskin as søke om å få opprette mellomlager av gjenbruksasfalt og rein betong i uttak for grusmassar på 6/4 Mo i Lærdal kommune.

Området er disponert av Voll Lunde maskin as via grunneigar Erling Mo. Ved lageret blir asfalt og betong knust, evt armeringsjern sortert ut, før massane blir transportert til kundar for sal. Evt. armeringsstål vil bli sendt til gjenvinning.

Voll Lunde maskin as har sjølve behov for å kunne lagre slike massar, samt at me får førespurnad frå andre entreprenørar med behov for å levere asfaltflak og rivingsbetong for bearbeiding.

Det er stor etterspurnad om slikt mottak i dalen på grunn av ein del veganlegg og byggearbeid.

Me ser derfor eit klart behov for eit slikt mottak i området, slik at både me og andre entreprenørar kan bli kvitt massane på lovleg vis og at desse går til gjenbruk som fyllmasse/vegbyggingsmateriale.

Området er særst godt egna då det i dag er godkjent uttak for stein og grusmassar som blir teke ut og sortert til forskjellige fraksjonar massar.

Avstand til næraste busetnad om lag 240 m i luftlinje og det er heller ingen kjende drikkevasskjelder i nærleiken. Området er utgreia i detaljreguleringsplan for golfbane/utviding masseuttak på Sløgrandane:

<https://www.laerdal.kommune.no/reguleringsplan-for-golfbanemasseuttak-paa-sloegrandane-paa-hoeyring.6515233-567150.html>

Voll Lunde maskin as søker om mottak, mellomlagring og behandling av asfaltflak og rivingsbetong. Me planlegg å ta imot følgende mengder:

Maks lagring asfalt	3.000 tonn
Maks lagring betong	1.000 tonn
Maks lagringstid	3 år

Voll Lunde maskin as vil også melde inn mellomlageret til «Kontrollordningen for Asfaltgjenvinning» (KFA), jfr . www.asfaltgjenvining.no

Voll Lunde maskin as brukar hjullastar med vekt og har dermed god kontroll både med inn og utkørde massar.

Me håpar på rask og positiv behandling då me nyleg hadde førespurnad om mottak av asfaltflak frå nært føreståande arbeid.

Kjelder til utslepp:

I arbeidet med knusing og lagring vil det bli brukt ein hjullastar CAT 972 med vekt, samt ein CAT 323 gravemaskin med knuseskuffe og pigghammar (evt. Betongknuser for gravemaskin).

Det er ikkje andre kjelder til utslepp med lagringa og arbeidet.

Utslepp til luft, vatn og grunn:

Asfalten og betongen vil bli lagra og knust i grustaket over flaumnivå, så det vil ikkje førekome andre utslepp til luft, vatn og grunn enn utslepp frå maskiner ved bearbeiding. Det vil bli brukt vatn for å unngå at støv eventuelt støv ved knusing ikkje blir spreia i lufta.

Utgreiing miljøtilstand:

Området er i dag godkjent uttak for stein og grusmassar som blir teke ut og sortert til forskjellige fraksjonar massar. Dette gjer at miljøtilstanden i sjølve uttaket er sterkt forringa og lagring og knusing av mindre mengder betong og asfalt ikkje vil ha forringande verknad på området.

Viser elles til utgreiing for uttak og golfbane.

Oversikt område for lagring og knusing:



Oversikt berørte naboar:

Meto Pro as

6888 BORGUND

Besøksadresse:

Borgund servicesenter

Kjell Olav Cock
Trond Øyen Einemo

e-post: post@metopro.no


915 155 66
916 200 86

Org.nr: 990550018MVA
Bank: 3730.02.35655

www.metopro.no



Adresseliste Masseuttak Mo					
	Gnr/Bnr	Navn	Adresse	Postnr	Stad
Grunneigar	6/4	Erling Mo	Ljøsne	6887	Lærdal
Nabo	6/3	Jan Mo	Ljøsne	6887	Lærdal
Nabo	8/6	Kåre Blaaflat	Ljøsne	6887	Lærdal
Nabo	8/1	Elisabeth Rumohr	Ljøsne	6887	Lærdal
Nabo	8/11	Stian Fagerlund	Ljøsne	6887	Lærdal
Nabo	8/12	Steinar Starheimsæter	Ljøsne	6887	Lærdal
Nabo	9/9	Ola Ørbeck Mo	Ljøsne	6887	Lærdal



Med helsing
Meto Pro as



Trond Øyen Einemo

Meto Pro as

6888 BORGUND

Besøksadresse:
 Borgund servicesenter

Kjell Olav Cock
 Trond Øyen Einemo

e-post: post@metopro.no

915 155 66
 916 200 86

Org.nr: 990550018MVA
 Bank: 3730.02.35655

www.metopro.no

